

## Hvitting

*Merlangius merlangus*

**Familie:** Torskefamilien (Gadidae)

**Andre navn:** Blege, bleike

**Maks størrelse:** 55 cm og 1,5 kg

**Levetid:** 12 år

**Leveområde:** Nordsjøen

**Gyteområde:** Hele Nordsjøen

**Gytetidspunkt:** Januar–juli

**Føde:** Fisk

### Nøkkeltall:

KVOTERÅD FOR 2009: 5 900 tonn

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE 2008:

17 850 tonn/1 785 tonn

TOTALFANGST/NORSK FANGST 2008:

12 000 tonn/10 tonn



## Fakta om bestanden

Hvittingens gyting varer i flere måneder. Sør i Nordsjøen begynner den alt i januar, og så sent som i september kan man finne egg og larver i nord. Yngelen lever oppe i vannmassene noe lenger enn torsk og hyse. I denne perioden gjemmer den seg ofte under brennmaneter. Hvittingen blir kjønnsmoden to år gammel.

Hvittingen er en av de viktigste rovfiskene i Nordsjøen. Hovednæringen er øyepål,

tobis og sild, men den tar også en del yngel av torsk, hyse og sine egne artsfrender.

Hvittingen har sin utbredelse i Øst-Atlantiken fra Gibraltar til Island og det sørøstlige Barentshavet. Den finnes langs hele norskekysten, men er vanligst nord til Stad.

Hvittingen finnes vanligvis ved bunnen på 10–200 m dyp, men beveger seg også opp i vannmassene.

### 3.5.4 BREIFLABB

Otte Bjelland

otte.bjelland@imr.no

#### □ Status og råd

Det var ikkje mogeleg for ICES å føreta ei analytisk bestandsvurdering av breiflabb sør for 62°N i 2008. Rådet er at innsatsen i dette fisket ikkje bør auke, og at fisket må følgjast opp med bindande innsamling av fangst- og innsatsdata for å betre forvaltninga av denne bestanden.

#### Fiskeri

Den norske totalfangsten av breiflabb i 2008 var på over 5 000 tonn – litt lågare enn dei to føregåande åra (figur 3.5.4.1). Fangstane har vore på over 3 000 tonn årleg sidan 1999, med ein topp på 4 996 tonn i 2001. Meir enn 80 % vert teken nord for Stad, og her er det berre ubetydelege fangstar frå andre nasjonar. Sør for Stad deler vi breiflabben med andre nordsjøland, og dei norske fangstane utgjer 5–10 %. Skottland står her for mesteparten av



Figur 3.5.4.1

Utvikling av norsk rapportert fangst av breiflabb.

Development of Norwegian reported catch of anglerfish.






Foto: Havforskningsinstituttet

## Breiflabb

*Lophius piscatorius*

**Andre namn:** Flabb, marulk, ulke, sjødjevle, havtaske og storkjeft  
**Familie:** Breiflabbfamilien (Lophiidae)  
**Gytemråde:** Kontinentalskråninga (1000–1800 m) vest for Storbritannia, men òg i norske fjordar og djupare delar av sokkelen  
**Føde:** Fisk, krepsdyr og blekksprut  
**Levetid:** Meir enn 25 år  
**Maks storleik:** Kan bli 2 m lang  
**Særtrekk:** Breiflabben er ein dårleg symjar som ligg på botnen og vifter med ryggfinnestrålen for å lokke til seg småfisk. Byttet blir sugd inn i gapet på fisken når han opnar kjeften

### Nøkkeltal:

NORSK FANGSTVERDI 2008:  
 Ca. 100 mill. kroner



Utbreiing

Måling av breiflabb

Breiflabb i det nordaustlege Atlanterhavet høyrer eigentleg til to nærstående artar. Dei norske fangstane er nesten utelukkande arten *Lophius piscatorius* (kvit bukhole), medan det berre er gjort eit par sikre observasjonar av *Lophius budegassa* (svart bukhole). Breiflabb er ein typisk botnfisk, sjølv om den stundom vert funne høgt oppe i vassøyla. Sannsynlegvis lettar den frå havbotnen og nyttar havstraumane i samband med nærings- og gytevandring. Den kan treffast heilt i strandsona og vidare nedover i djupe fjordar. Lenger sør i Atlanterhavet er den også vanleg ned til djupner på over 1000 meter. Breiflabben (*L. piscatorius*) er utbreidd frå Barentshavet til nordlege delar av Vest-Afrika, den finst i Middelhavet og Svar tehavet. Vestgrensa går ved Island. Dei siste åra har ICES gitt råd for to breiflabbestandar, ein sørleg som strekkjer seg frå Portugal/Spania og nordover til Irland, og ein i området vest for Skottland og Nordsjøen/Skagerrak. Bestanden nord for Stad heng nok til ein viss grad saman med den vi finn i Nordsjøen, men vert førebels rekna som ein eigen bestand.

Breiflabben er ein rovfisk som har få naturlege fiendar i vaksen alder. Den ligg i

uttaket, medan Danmark ligg på om lag same nivå som Noreg. Det norske fisket blir for det meste drive frå sjarkar med stormaska garn nær kysten både nord og sør for Stad. Dei andre nasjonane fiskar mest med botntrål.

Det norske fisket er i stor grad retta mot den kjønnsmodne delen av bestanden, medan trålfisket i Nordsjøen helst tek mindre, umoden fisk. Forvaltinga av breiflabbestandane må sikra at nok fisk overlever til kjønnsmoden storleik. Slik sett er ikkje fiskemønsteret i Nordsjøen like berekraftig som det vi har nord for Stad.

### Anglerfish

Total annual Norwegian landings of anglerfish reached a record high level of well above 5,000 tonnes in 2006 and 2007. The landings were slightly reduced in 2008, but they were still above 5,000 tonnes. An analytical assessment of the anglerfish stock was impossible in 2008 and the state of the stock is unknown. The ICES advice was not to allow increased effort in the fishery, and that the fishery should be accompanied by mandatory programmes to collect catch and effort data on both target and by-catch fish. As the females are quite large when they reach first maturation, the management of anglerfish should aim to reduce the catch of immature fish in trawl fisheries to secure a healthy spawning stock.

ro og lokkar til seg bytte ved hjelp av den fremste finnestråla. Den fungerer som ei fiskestong med ein hudflik som agn. Alle typar fisk som kjem nær nok den store kjeften, vert slukte når breiflabben raskt opnar gapet og sug byttet inn. Ein har jamvel funne sjøfugl og oter i magen på breiflabb.

Merkeforsøk dei siste åtte åra har vist at breiflabben er i stand til å gjennomføre relativt lange vandringar, men det er framleis noko uklart korleis dynamikken i gyte- og næringsvandring er hos arten. Enkeltfisk har vandra frå Nordsjøen til Færøyane, Island og norskekysten heilt opp til Vesterålen, og fisk merka på Møre er fanga att i Nordsjøen og ved kysten av Nordland. Sidan 2001 er det særleg i områda nord for Halten at fangstane har teke seg opp, og dei to siste åra kom om lag 45% av dei norske landingane frå desse områda. Det kan tyde på at breiflabben har fått ei meir nordleg utbreiing langs norskekysten. Dette kan vere eit resultat av eit varmare havklima, sidan desse nordlegaste områda er heilt i randsona for breiflabben si utbreiing.